

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2020

Kjell Gitton Håland (A) reiste spørsmål kring eiga habilitet då han er styremedlem i stiftinga KODE Kunstmuseer og Komponisthjem. Fylkestinget vedtok samrøystes at Håland var ugild til å ta del i saksbehandlinga, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2. Håland deltok ikkje i saksbehandlinga.

Avrøysting

Det var 64 medlemmer til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune garanterer med sjølvskuldnarkausjon for lån som KODE Kunstmuseer og Komponisthjem tek opp til etablering av nytt magasin og sluttfinansiering av el-ferja «Ole Bull».
2. Garantien omfattar hovudstol på 50 mill. kr, med tillegg av inntil 10 % av hovudstol til renter og kostnader. Maksimalt garantibeløp utgjer 55 mill. kr.
Det maksimale garantibeløpet vert redusert i takt med nedbetaling av lånet.
3. Garantien gjeld i 30 år frå vedtakstidspunktet med tillegg av inntil 2 år.
4. Vedtaket må godkjennast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet etter kommunelova § 14-19.